



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato:
12.10.2022

Vår ref:
2022/13403

Dykkar dato:
03.10.2022

Saksbehandlar, innvalstelefon
Martin Søgnen, 5764 3079

Høyringsfråsegn - landbruksveg - Alver 439/2 Tveiten

Vi viser til høying på søknad om bygging av landbruksveg klasse 7 på gnr. 439 bnr. 2 i Alver kommune. Vegen er planlagd med 225 meter ny veg. I søknaden står det om tiltaket at vegen vil gje tilgang til totalt 70 dekar, som fordeler seg høvesvis slik 20 dekar produktiv skog og 50 dekar jordbruksareal. Interesser i vegen er opplyst å vere 50 prosent skogbruk og 50 prosent jordbruk, totalt 100 prosent landbruksinteresser. Kommunen har sendt saka til uttale, jf. *forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier § 3-1*, jf. § 1-1.

Føremålsparagrafen i landbruksvegforskrifta seier «*Formålet med denne forskriften er å sikre at planlegging og bygging av landbruksveier skjer på en måte som skal gi landbruksfaglige helhetsløsninger. Det skal samtidig legges vekt på hensynet til miljøverdier som naturmangfold, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og løsmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av veiframføringen*

I slike høyingssaker går vi ikkje detaljert inn i dei vurderingane som må gjerast i saka, dette fordi det er kommunen som er den ansvarlege førsteinstansen og som skal foreta dei konkrete vurderingane i forhold til regelverket. De kan finne ein god del informasjon på [nettsida](#) vår som kan vere nyttig, der er det bl.a. lenker til regelverket og aktuelle rundskriv.

Vi har gjort ein kort utsjekk av miljøinteressene i denne konkrete saken, og så vidt vi kjenner til er det ikkje viktige naturkvalitetar eller miljøverdiar som vert råka av dette veganleggjet. Vi har også vurdert landbruksinteresser. Vi har ingen merknader til dette veganleggjet.

Med helsing

Martin Søgnen
rådgjevar